

Varhaugbuen

BLADET FOR BYGDA VÅR • NR. 3 2016

Promille i banken

Side 2-4

Historiske tilbakeblikk på bygda

Side 8-9

Vi over 60

Side 14-15

Kultur i løå

Side 23-26

Jærmessa

Side 30-32



Ungdomsklubben

Side 12-13



Promille i banken

Mangfaldige Varhaug har fått tappekrantar tilkopla kalde aluminiumsfat innehaldande øl under trykk. Blankosjekkar, kreditt og saldo er erstatta med humlesus, malt og flatskjerm-Ronaldo.

Sjur Håland

Du kan lika det, eller ikkje. Banksjefen i slips og mansjettar bak sin blankpolerte kontorputt i nøttetre, er erstatta med barkeeper med sans for omsetnad og kommunalt skjenkeløyve. Kassafullmektigarar og utlånsassistentar funkjar ikkje lenger. Dei er erstatta med uniformerte dørvakter med granskande blikk, tatoverte kraftnakkar og årskort på Sats.

Ambivalente varhaugbuar

Bankkvelven er det ikkje lenger bruk for. Med mobilen blir pengane vipsa og skjenkjaren tipsa. Og det er sikkert greitt og slik det skal vera, men dei som strevar seg gjennom desse linene blir nøgde til å akseptera at det er eitt og anna som gjer at det fins innbarka varhaugbuar, som freistar å vera både inkluderande og rause, som har ei noko ambivalent forhold til alkoholserving.

For alkohol har opp gjennom åra også vore knytt til ord som synd og ulukke, fyll og spetakkel. Dei som unna seg ein fest i dei åra det var tradisjonell verksemd i banken, gøynde gjerne unna flaskeføret i skuten eller i veggen bak utedoen, og då det vart høve til å finna fram flaska, vart gjerne gildet både

vondare og våtare enn det burde vore.

No er det mogleg å i staden ta seg ei øl eller tre på Stasjoen Pub. - Skål og heldigvis for det, seier dei fleste, og skjønar ikkje bæret om det skulle vera ein eller annan dobbeltmoralistisk raring av urfolket som sit i skjørt glashus og har problem med å løfta glaset og seia ordet skål.

Jomfru Ane

Eg har røter så langt inn i Norsk Luthersk Misjonssamband at det heiter Kinamisjonen. Og Kinamisjonen og pub er ikkje akkurat to ord som høyrer saman som hand i hanske for å seia det slik.

Min morfar heitte Magnus Hobberstad. Han var ein omtykt og respektert mann med stor sans for misjon. Huset hans, mor sin barndomsheim, ligg 60 meter lenger opp i Pubvegen som vel er det næraste ein kjem Ålborg si Jomfru Ane Gade på Varhaug.

Magnus var fødd i 1892 i huset på Hobberstad der Liv og Elin med familie bur i dag. Jærhuset på Hobberstad husa i si tid forgjengaren til Varhaug

Sparebank. Bror til morfar Magnus heitte Ole Hobberstad. Ole var murar og vann anbodet på å setja opp bankbygget.

Anbodet var på 22.896 kroner og heilt sikkert gullkanta nok i ei tid då folk, blant andre farfaren min, haldt på å mista gard og grunn på grunn av depresjon og kontantmangel i kjølvatnet av det verdsomspennande krakket som starta i Wall Street, New York, i 1929.

Historisk bygning

Den tidlegare bankbygningen, mura opp av Ole Hobberstad og hans menn, osar av lokal historie frå ei tid før Vinmonopolet vart oppretta som heilstatleg føretak. Det begynner altså i 1932 - då var det bank med femkronesettlar og hundrelappar som du måtta ha kurs for å greia bretta slik at dei fekk plass i pengetaska.

Det mangla ikkje fasilitetar. Banken hadde sjølvsagt utedo og innlagd straum. I gata utafør var det grusen som rådde grunnen. Støvet dreiv bak skitkjerrar og veterane motorfarkostar på dei tørre dagane, mens fersk hestelort og vassmetta grus følgde med skotyret inn i banklokalet dei

dagane det regna. Det klirra frå dei tome mjølkespanna når bøndene hadde levert mjølka hjå meieriet vegg i vegg med banken, og gjort unna handelen, og kunne smatta på øyken og leggja på heimveg til Skretting eller Kydland eller Nord-Varhaug eller kor dei no budde.

Forsyningsnemnd og Wehrmacht

Me gjer eit lite hestehopp – fram til 1943. Banken brukte då halve arealet i bygningen. Her stod kvelven, mens det i kjellaren var plass til ein liten arkivkvelv. Dagens Stasjoen Pub var kanskje den mest sentrale bygningen på Varhaug for drygt 70 år sidan. Folk hadde andre ting å tenkja på enn å skaffa seg mild rus frå humle og malt og gode samvær.

Utanom kaffi då. For her i bygget var forsyningsnemnda på plass – og delte ut rasjoneringskort på sukker mjøl og kaffi. Og her, i forsyningsnemnda, arbeidde ei tid mi moster, som heitte Berta, og som var dotter til morfar Magnus.

Her, i det som i dag er Stasjoen Pub, kunne du treffa andre størrelsar enn banksjefen, for her sat både heradskasseraren og trygdekasseraren. Under dette taket har det også budd okkupantar i den tida også me her på fredelege Varhaug var kringsette av fiendar. Her har det klirra frå gasmaskebeholdarar mot tyske uniformsbelter, her har lyden frå jernslatte, blankpussa militærstøvlar dunka mot treverket under linoleumen.

Her, innafor murarmester Ole Hobberstad sine vegger har synet av mausergevær, kvasse bajonettar og iltre sjæferhundar skapt

frykt, avmakt og sinne hjå våre besteforeldre eller oldeforeldre. Og i gata her vart det fyrt av skot som sette merke i døra hjå slaktar Skretting som folk kunne sjå i fleire tiår etter. Folk skifta ikkje dører i utrengsmål før i verda. Tyske Wehrmacht kravde å få bruka heile banken, men etter forhandlingar tok tyskarane delvis til fornøft og bestemte seg for å greia seg med det meste av kjellaren, saman med heile andre- og tredje etasje.

Eg skal ikkje dra historia her, men berre nemna at under dette taket har for eksempel Hå gardsrekneskapslag og Hå avløysslag halde til. Så har det vore blomsterbutikk og heilt sikkert mykje anna - før bygget vart ståande tomt - og før det var nokre fordomsfrie, frilynte og friske folk som kom på at her kunne det serverast feite fotballkampar på flatskjerm og øl frå friske fat.

Timotti kro

Så veit mange av dykk, at det har vore servering i dette lokalet før. Nå fortel eg det slik eg har fått det fortalt og hugsar det: Ein gong tidleg på 70-talet kom det ein bergensar til bygda og innreia lokalet til kro. Kroa hadde litt meir grønt over seg enn dagens brune pub. Ikkje minst på grunn av namnet - som ingen kunne skulda for å vera bondefiendtleig.

Timotti kro, hadde tre ulike eigarar i dei åra det var oppe her. I Timotti kro stod faktisk mi søster på lønninglista i ein periode, så nå har eg snart knytt heile slekta mi til denne puben.

Varhaugbuen

Desse laga står bak Varhaugbuen: Varhaug bondelag, Varhaug bygdeungdomslag, Varhaug bygdekvinne- lag, Svala 4H, Varhaug Misjonshus, Varhaug Bedriftsforening, Varhaug Skulemusikkorps, Varhaug Fråhaldslag og Vennelaget for Lerbrekk Skule og Elgane Motorsykkel klubb.

Styret for Varhaugbuen er:

Leiar

Jon Harald Håland, bedriftsforeninga

Nestleiar

Aud Bratland Bø bygdekvinnelaget

Sekretær

Per Arvid Jakobsen, misjonshuset

Kasserar

Brit Obrestad, Vennelaget Lerbrekk skule

Styremedlem

Terje Lerbrekk, 4H

Varmedlem

Kjartan Aanestad, skulekorpset

Varmedlem

Runar Odland, bondelaget

Redaktør

Liv Hobberstad

Me har valgt å ha med det gamle kapellet på Varhaug som eit "kjennermerke" for bladet. Kva passer vel betre då enn å ta med eit av versa om kyrkjegarden av vår store poet Elisabeth Reiestad - 1906-1978.

"Det ligg ein kyrkjegard ved hav i still og einsam ro. og graset legg om namnlaus grav ein gløymlekednad god. Men ein og annan merkestein held fast eit minne enn der han står vakt om deira bein som levde i vår grend"



Serveringsplassen, Timotti kro, var i teorien fullstendig alkoholfri. I teorien. Eg har høyrte ein del meir eller mindre fornøyelege historier som resultat etter relativt høgt inntak av medbragt i eteavdelinga på Timotti kro, men av omsyn til privatlivets fred og folk sitt behov for eit greitt ettermæle, skal eg ikkje rippa opp i gamle synder og festar med ungdom på 70-talet.

Du kom inn til ein skranke om du gjekk opp tråppå og inn i lokalet Timotti kro. Ville du setja deg nedpå, måtte du kjøpa noko å eta. Spiseplikt, heiter det vel på godt norsk. Eg meiner å hugsa at lokalet kunne skilta med ein særns verdsleg jukeboks, som det kom like verdsleg musikk ut av, om det var nokre som hadde eit så lettsindig forhold til pengar at dei såg mon i å putta på ein femtiøring for å høyra Bridge over

troubled water med Simon and Garfunkel eller Singel og sand med Salhuskvintetten.

Svart, kvitt – og brunt

Brun pub var ikkje eit tema i hine hårde dagar. I staden hadde me to fargar. Svart og kvitt. I tillegg hadde me ein alkoholpraksis som førte til at mange, som ville ha seg ei bløyte, gøymte seg så godt vekk at dei hadde problem med å finna heim. Det har runne ein del liter ut frå bryggetankane her til lands sidan dei dagane.

Bygda treng folk som vil satsa på gode tiltak som skapar trivsel og næringsvekst. I det lyset er det veldig greitt å inkludera Stasjonen pub inn i portefølgjen. Me treng glade møteplassar med quiz og fotball, skrøyt, handbak og allsang. Me treng idrettspark og misjonshus, bridgeklubb, eldrelag og kyrkjekonsertar.

Så, i ei tid der stadig fleire aldri har sett ein pengesetel, men heller vipsar over penger med smarttelefonen eller føretar betaling av reknningar med mobilapp og nettbank, er ikkje lenger banken bankers for å få ei bygd til å fungere eller å få pengane til å rulla.

Med passe dosar konservativ skepsis rullar me i plassen ut den raude løparen for den nye tida og erkjenner at me treng fleire fargar enn svart og kvitt.

I eit fargerikt fellesskap på Jæren, framleis dominert av timotti-grønt, høyrer også brunfargen heime.

**DU KAN LIKA DET,
ELLER IKKJE //**

Vil du vera med til Hårr og Hobberstad – dei to gamle lensmannsgardane i Hå?

Det var to lensmannsgardar i Hå på 1800-talet og tidlegare. Dei låg på Hobberstad og på Hårr og høyrde til ei langt eldre administrativ inndeling av lokalsamfunnet enn kommunane. Lensmennene hadde mange oppgåver for staten i lokalsamfunnet, akkurat som prestane. Men lens-mennene var ikkje embetsmenn som dei var.

Lensmannen var ein lokal bonde. Han måtte likevel ha så pass «godt hovud» at han kunne utføra oppgåver for det offentlege. Garden hans vart eit lokalt administrasjonssentrum, nett som prestegarden, men lensmannen åtte sjølv garden og var herre i eige hus. Det var ikkje presten. Staten åtte prestegardane.

Ofte gjekk lensmannsombodet i arv frå far til son, men dette var ikkje sjølvsgt. Amtmannen bestemte kven som skulle overta ledige lensmannsombod.

Her på Jæren har Hårr, Hobberstad og Kleppe lengst tradisjonar som lokale lensmannsgardar. Amtmannen må ha vore fornøgd med lensmannsfamiliane på desse tre gardane.

Torsdag 22. oktober skal me høyra om dei siste lensmannsgardane i Hå, om dei som budde der, og om kva slags oppgåver lensmannen hadde.

Foredraget er i Løa på Lensmannsgarden og tek til klokka 19. Historikar og førstearkivar Lisabet Risa ved Statsarkivet i Stavanger tek oss då med til Hobberstad og Hårr.

Lisabet Risa er historikar med utdanning frå Universitetet i Oslo og førstearkivar ved Statsarkivet i Stavanger. Der har ho mellom anna ansvaret for fotografisk materiale i offentlege og private arkiv.

Bingoen på Iden

Turid Skretting og eg var så optimistiske då me fekk til Mødeplassen, og me hadde planar om mange slag aktivitetar der. Nå vart det ikkje slik me hadde tenkt, men kortspelet og bingoen vart i alle fall fast kvar måndag. Så flytta me opp i kjellaren på Iden, og der har det kome ein del folk frå Varhaug, men mest frå Vigrestad. Nå har me starta opp att etter ferien, og håpar mange fleire frå Varhaug og vil nytta seg av dette tilbodet. Det er måndag kl. 15.00. Det varer ca 1 time, først med 5 spel, så litt kaffi/heimabakst og så 5 nye spel. Turid, Solvor og Britt, som har hatt ansvaret for bingoen, har vor utruleg flinke til å finna gode og nyttige premiar. Alle er velkomne til ei kosestund ein ettermiddag i veka. Liv

Basaren

Basaren til bygdekvinnelaget, som eg har hatt ansvaret for dei siste åra, er nå vel i hamn med godt fram møte og gild underhaldning. Godt åre- og loddsal var det og.

Eg må her få retta ein **STOR TAKK** til alle som tek så fint mot meg når eg er på den årlege tiggerunden etter gevinstar. .

Nok ein gong **MANGE TAKK!** (Eg har lova å ta meg av basaren neste år og, så i august 2017 er eg nok tilbake, om helsa held) Liv

Ho har hatt fleire offentlege verv innan både nasjonalt og regionalt kulturvern, mellom anna i styret for Preus museum, det nasjonale museet for fotografi, som prosjektleiar for Fotonettverk Rogaland og redaktør for nettsida www.fotonettverk-rogaland.no

Lisabet Risa har hatt mange historiske bok- og utstillingsoppdrag for Hå kommune og Hå gamle prestegard frå 1982 og framover og rådgivingsoppdrag for kommunar og private innen historiefaget. Ho har publisert mange historiefaglige arbeid, som bygdebokverket til Bjerkeim kommune i fire band, Hå si fotografihistorie, Bilete frå Hå. Folk og miljø 1860 – 1950, historia til Hå gamle prestegard frå 1600-talet til 1989, historia

om skulen i Hå, Varhaug kyrkje, Time kyrkje, Vigrestad Handelslag for å nemna nokre.

I 2011

kom boka

Fotografihistoria – sett frå Rogaland, den første fylkesfotografihistoria i landet. Nett no arbeider Lisabet Risa med den kjende fotografen Waldemar Eide til ei utstilling på Stavanger Kunstmuseum som opnar i slutten av oktober.



FRÅ
REDAKSJONEN

Eg har hatt ein fot i basaren og ein i Varhaugbuen dei siste vekene, og det har vore ganske positivt. Det var slik eg oppdaga at Jatætre AS hadde etablert seg i bygget til AH Bygg, og at Monikas frisør ikkje lenger var ein del av Klyppeloftet, men hadde «starta» for seg sjølv i dei same lokala. Det var på same måten eg fann ut at Auto 44 AS hadde flytta opp til Tveiten, og at «Bøen» alt hadde vorte 20 år. Så her slo eg to fluer i ein smekk heile 4 gonger.

Nå reknar eg med at alle har hatt ein god ferie, og er klar for alle dei aktivitetane ein finn på Varhaug utover hausten, og det er ikkje få. Og her er noko for ein kvar smak enten ein går på Misjen, Iden, Løå, Pøbben eller anna. Berre ta ein titt i på alt som er nemnt her i bladet, og elles vil det vera oppslag om det mesta i ramane på Spar og Coop.

I juni hadde me ein sers vellukka Marken, og nå er den 30. Jærmessa over med aktivitetar for både stor og små. Grunna andre gjeremål fekk eg ikkje med meg kalvemønstringa, noko eg tykkjer er det gildaste med heile messa. Eg tykte det var veldig bra at det jordbruksrelaterte fekk vera i den nye hallen, og her var og bygdekvinnelaget og steikte nordlandslefser.

Utruleg at me snart er i september, kor vert tida av?

Ynskjer alle ein fin haust.





Nytt frå Misjonshuset

Plutselig var sommaren over - ja hadde den vært her i det heile tatt? Og på Misjonshuset vert det vanleg full aktivitet med møter, basarar, julemesser, sundagsskule, kor-øvingar, FRES, Spiren, speidar. Det vert øvingar for lovsongsgruppene, og SUNDAG annankvar sundag.

For «me over 60» er det to onsdagar i månaden treff på Misjonshust kl 14. Her er det litt program og ein liten utlodning - og god mat.

Og for hausten har me leigd ut til bryllaup, diamantbryllaup og familieselskaper.

Ved store arrangement kan misjonshuset stille med folk til servering,- noko me har fått mykje skryt for opp gjennom åra.

Sjå elles program på oppslag og i annonsar og følg med på internetsida til Misjonshuset, www.varhaug-misjonshus.no, der ein kan finne program og planlagde ting framover.

Ver merksam på kontortida på misjonshuset som er måndagar og torsdagar kl 2000-2100, og telefon er 51430808. Det er berre 1 time, men ein kan tinga rom ved bruk av internett, sjå internetsida til misjonshuset. E-post kan sendast til post@varhaug-misjonshus.no

Gateadressa er Ånestadvegen 21, postadresse er boks 103, 4368 Varhaug

Velkomen til Misjonshuset.

Med helsing, Per-Arvid



Kvelden gjekk fort, og regnet vart det ikkje meir av. Det gjekk lenger nord. Likevel var det heilt greitt å vera inne. Me slutta av med «Fager kveldsol smiler». Om ikkje akkurat sola smilte hjå oss då, smilte ho sikkert ein annan stad. Sigbjørn takka alle som hadde møtt fram, og musikantar og grillmeistrar fekk blomar som takk for innsatsen med musikk og grilling. Sigbjørn fekk og ein blom som takk for ein gilde kveld og interessant kåseri. Til tonar frå trekkspela, vandra folk ut i sommarkvelden. Det kunne vore freistande med nokre små dansetrinn heimover, men dei fleste sette seg i bilane. Ein gilde kveld er over for denne gong.

Brit Obrestad



Grillkveld Lerbrekk skule 4. august

Sigbjørn Varhaug kunne ynskje ca. 70 frammøtte velkomen til grillkveld på Lerbrekk. -Dette er 18. gongen me lagar til grillkveld.

Gildt å sjå at så mange har møtt fram sjølv om veret er usikkert og lagar spenning, sa Sigbjørn. Grillmeistrane Arvid og Einar Varhaug har fått varme på grillen. Agnes Varhaug i lag med fire andre på trekkspel, sytte for gild og oppmuntrande musikk. Sigbjørn dreg fram litt meir historikk om både skulen og grillkveldane. Første gong me hadde grillkveld var 12. august 1999 med vel 100 frammøtte. Då var det Olav Varhaug og Emil Aanestad (frå USA) som spelte. Olav Varhaug har vore med på alle grillkveldane sidan. Agnes Varhaug har vore med sidan 2001.

Det gjekk ikkje lenge før grillmaten var ferdig, og me kunne nyte herlege kottelettar, pølse, småeple og salat, til trekkspelmusikk. Den eine kjennelege melodien etter den andre lydde. Men så begynte det med nokre dråpar, og for at det ikkje skulle gå utover instrumenta, vart det bestemt at resten av arrangementet skulle vera inne i den nøra skulestova som er hundre år i år. Den er altså frå 1916. me kan og nemna at lærarbustaden er 120 år i år. I skulestova vart det trongt og intimt, men det smaka godt med kaffi og kaker. Det vart mykje allsong, og den kling mykje betre inne i skulestova enn ute på plassen. Då

forsvinn den i lause lufta, seier Odd Varhaug etterpå. Så ikkje så gale, at det ikkje er godt for noko. Mange gilde songar som me hugsar frå skuletida. «Gud sign vår konge god», markerar at Kong Harald og dronning Sonja har vore kongepar i 25 år.

Mellom desse historiske tilbakeblikk frå bygda vår, fortald av Sigbjørn, song me songane «Den fyrste song eg høyra fekk», «Anne Knutsdotter», «At far min kunne gjera», Blåmann, blåmann, bukken min», og mange fleire utan eg skal ramse opp alle.

Det vert sundagskafé 4. september, 2. oktober og 6. november kl. 14 - 17

Den 19. september vil me ha allsangkveld kl. 19. Her vil me syngja kjente og kjære songar frå songboka vår.

29. - 30. oktober kjem Kunst & Kult med salsutstilling på Lerbrekk.

Velkomen til skulen!

Vennelaget

Lars Gaute Sport
sport 1

VARHAUG 51 43 28 80

NÆRBØ 51 43 43 10



Historiske tilbakeblikk om bygda vår

Kåseri av Sigbjørn Varhaug på grillkvelden 4. august 2016

I kveld vil eg bare nemna ein del ting som eg meiner er verdt å tenkja litt på,- særleg når me samlast på denne kjære møteplassen som heiter Lerbrekk skule. Denne skulen blei brukt i fleire og 90 år- til å formidla KUNNSKAP,- i tillegg nokre og 80 år med søndagsskule som og var med å formidla kunnskap. Me kan og nemna at i 2016 er det 120 år sidan Lærarbustaden vart bygd i1896 og 100 år sidan «nøra» skulestova vart bygd i1916. Ei interessant opplysning eg har fått er at Olaus Nord Varhaug bygde den fyrste skulestova i 1865. Og når den siste skulestova stod klar i 1916 var det son til Olaus, Gustav Nord Varhaug, som bygde den.

Før 1350 var Hå eit tettbygd jordbrukssamfunn. Me veit at Svartedauden ryste det Norske samfunnet i grunnvollane. Etter 1349-50 finn me mange ØYDEGARDA rundt om. Det betyr at på desse gardane var alle folka utrydda.

I Varhaug/Vigrestad kan me nemna: Tjemsland, Kydland, Skrettingland, Bratland, Sæland, Håland, Vadland, Haugland, Rugland.

Tek med nokre frå Nærbø og: Håland, Ronga, Bjorhaug, Gausland, Bjorland, Våland Njølstad. Ogna sokn var og hardt ramma.

Det trong tid å byggja opp att folketalet. I starten på 1600 talet var her i Hå så vidt over 600 menneske i det området som er Hå kommune i dag. I tida vidare vart mange familiar ramma av ulike typar pest. 1695 vart det verste året Hå-buen fekk oppleve, etter mellomalderen. Det betyr igjen at ved folketeljinga i 1801 var talet på Hå-buen kome opp i 2191. Heila landet hadde snautt ein million på denne tida.

Kanskje vert det litt malplassert å syngja «Per Spelemann» etter det me har sagt. Men Ludvig M. Lindemann, fekk fortalt ein historie om fattigforholda i Norge av bokhandlar Adolf Teodor Holst, som og var forstandar for fattighuset i Drammen. Poenget her var at feletonane skulle vera med på å lyfta menneska opp or den elendighet og naud som så altfor mange levde under. Me kan godt syngja: «Vi vandrer med freidig mot» og «Dei vil alltid klaga og kyta». Her er mykje livsvisdom i songane.

Men på tross av alt: Samfunnet/ folket vart langsamt lyfta mot betre kår. Eg vil nemna litt om Teis Lundegaard frå Lyngdal (8.10.1774 – 26.02.1856). Han vart fødd i tronge kår, men lærte seg tidleg å lesa, og det seiest at han kunne Bibelen utanåt. Etter kvart vart han ein velstående bonde og skipreider. I 1814 vart

han vald til Riksforsamlinga på Eidsvoll. Han vart den mest aktive bonden i Riksforsamlinga. Han var uredd, og kunne vera nokså fritalande, og kunne tala embetsmennene i mot. Men han var og ein føregangsmann når det gjaldt jordbruk. Han dreiv eit mønsterbruk, og var ikkje redd for å læra frå seg til andre gjennom samtalar om både jordbruk og økonomi. På sine ferder langs kysten var han fleire gonger innom Jæren for å læra opp bøndene til å driva betre jordbruk. (https://nbl.sn.no/Teis_Lundegaard)

Omgangsskulen kom i siget, og i 1849 vart det fyrste skulehuset i Hå bygd. (Ved Hå gamle prestegard)

Rundt 1850 vart Sivert Gabrielson Gudmestad og Ole Larsen Valdeland utdanna som lærarar ved seminaret på Holt ved Tvedestrand. Dette vart dei fyrste frå Hå med lærarutdanning.

Og så veit me vel alle at den fyrste litla skulestova på Lerbrekk kom i 1865. Dette vart overgang frå omgangsskule til vanleg skule. Men det gjekk gradvis. Ser me Hå kommune under eitt, var det omgangsskule i Matningsdal fram til 1898.

Me må og få nemna kor djupe spor det sette, både på godt og vondt, at Hans Nilsen Hauge gjekk over Jærlandet og Hå fleire

gonger rundt 1800. På Kvia står det framleis ei stove som kallast: Hauge-stova. Det var mest Haugevenner i søre delen av det som er Hå i dag. Men ifrå Varhaug var det ein ungdom som heitte Peder Odland, som reiste til Bergen og starta forretning. Han hadde møtt Hauge ved fleire anledningar. Ein av Peder sine etterkomarar vart den kjende professoren Sigurd Odland, som blant anna var drivkrafta til oppstarting av Menighetsfakultetet i Oslo, for utdanning av prester.

Rundt 1900-talet kom så dei store vekkingane som og berørte Hå. Det vart behov for bedehus. Skulekrinsane, Ueland, Auestad og Lerbrekk gjekk saman om å byggja både Losjehus og forsamlingshus på Varhaug i 1902. Avhaldssaka stod også sterkt i denne tida.

Jernbanen stod klar til bruk i 1878. Under anleggstida fekk Jærbuen sjå noko dei fleste aldri hadde sett før, trillebåra/hjulbåra. Me syng noko om at: «Ja- det skyt ikkje fram- så det dunar. Men det monar då jamt- så det stundom er hugnad å sjå.»

Varhaug fekk Meieri i 1899. Vigrestad i 1885, og Nærbø i 1886. Køhler på Næsheim på 1850 talet.(privat)

Jordbruket og bøndene hadde auka kunnskapsnivået, og ville meir. Men det rådde mykje pessimisme også. Særleg dei Ånestad var veldig imot Meieri på Varhaug, men også Hobberstad- og Lerbrekk-gardane. Dei hadde alt levert til Nærbø Meieri nokre år, og var fornøygde med det. Særleg for dei Ånestad var det lettare å koma til Nærbø enn til Varhaug p.g.a. vegsystemet i

bygda. Andre lenger sør i bygda leverte til Vigrestad. Men Meieriet kom og stod klar til å ta imot mjølk i februar 1900. Sivert Høyen skal ha mykje av æra for at dette kom. Melkeprisen fyrste året var 7,5 øre pr. liter. Det var bøndene fornøygde med.

Lærer Andreas Fitje som budde her på skulen då, var den fyrste kasseraren på Meieriet.

Han bureiste seinare ved Fitjekrossen.

Men ennå hadde me ikkje straum i bygda. I meieriet fyrde dei med kol og ved, og fekk maskinane til å gå med damp. Det gjekk ei lang aksling gjennom Meieriet med reimskive på til forskjellige maskinar.

I 1902 hadde stasjonen på Varhaug bare 11 hus og 64 menneske med smått og stort. Ein annan ting her: For Meieriet vart det eit stort behov for vatn. Den første tida bar dei ifrå brunnen, men dette vart eit umenneskeleg slit. Så vart det snakk om å kjøpa rettigheter i Sjoars-kjelda av Abram Bendiksen Skretting. Men dette gjekk Skretting-garden, Kydland, Tjemsland og Reiestad-gardane imot .Då kom Ånestad-kjelda inn i bilete. Frå 1914 rann vatnet frå den, ned til Meieriet. Etter kvart vart det Meieriet som bygde ut vassverket i Stasjonen. Men Stasjonen vaks og det vart meir og meir krevjande for Meieriet å ha ansvar for vassforsyninga. Fyrst i 1962 overtok kommunen dette ansvaret.

I 1914-vart det meir og meir elektrisk lys i bygda, men det varierte noko.

Meieriet fekk elektriske motorar

i 1914. På denne tida vart og telefon-sentralen og ledningsnettet langsamt utbygd.

Varhaug fekk eiga Mølle i 1915. Før den tid var det bekke-kvernane som gjorde jobben med å mala kornet. Rundt 1830 rekna dei med at det var 30.000 bekkverkner i Norge.

Og så, på tross av første verdskrig vart det snakk om oppgangstider i Norge. Kornarealet auka i bygda, og behov for eiga Mølle melde seg. Det vart danna eit «aktieselskap». Dei som var med der var: Ola Fuglestad, Rasmann Kydland, Mikal Haugstad, Elias Reiestad, Sven Hansen Ånestad, Erik E Skretting, Maskinforretninga Eik og Hausken- noko seinare kom Eik-maskin og med. Den gongen heitte det: Christian Eik, Stavanger.

Så til slutt eit langt hopp fram i både bygda og Mølla si historie. Eit glytt inn i styremøte den 10. januar 1958.-«Der forhandles: «Det besluttedes å forhøye timelønnen for Jørgen Åmot, Jakob Åmot og Tobias Auestad, til kroner 4,20 pr. time, tilbakevirkende frå 1. november 1957».

Harald Bratland si timeløn er som før kr 3.80 pr. time. Dette var altså i 1958.(Harald var 20 år) «Mot i brystet, vett i pannen, stål i ben og arme». Det er ut frå dette at «framtidskrefter skal vokse».

Som konklusjon på alt dette me har nemnt vil eg sitera: «Alt kva fedrene har kjempet, mødrene har grett. Har den Herre stille lempet, så vi vant, vi vant vår rett». Me bøye oss i ydmykhet og takk for deira slit.

En klisjefyllt aften – En slags konsert



Med: Britt-Synnøve Johansen, Inger Lise Hope, Bjarthe Lending og Brigt Skrettingland.

Pianist: Svein Ragnar Myklebust

Her møtes en musikalelsker, en bondesønn, en begravelsessanger og en spurv fra Karmøy.

De fire artistene tar for seg av den bugnende buketten av musikalener som fins der ute. De plukker og synger sanger de elsker, samt en og annen de hater.

Det storslagne franske revolusjonsdramaet Les Misérables, 80-tallsmusikalen Chess og musikalen over alle musikalener (ifølge Inger Lise) Phantom of the opera – say no more, her vil mange musikalener gjennomgå, til og med Monty Python's Spamalot får lov å være med.

Den ene av de fire på scenen er så glad i musikalener at historien ikke har noen betydning, sterke sanger er nok. En annen av dem foretrekker nok å slippe alt

som har med musikalener å gjøre så lenge han ikke er med i den selv. Her er det duket for humor og alvor, gåsehud og kanskje noen tårer, men fremfor alt: Fire sterke stemmer som tolker musikk som er elsket av et stort publikum verden over.

Britt-Synnøve Johansen - spurven fra Karmøy. Hun har gjort mange store roller i musikalener som Les Misérables, Annie og Oliver. Britt-Synnøve er nok likevel mest kjent for sine tolkninger av Edith Piafs musikk og liv på scene og cd. For tiden er hun aktuell med den Spellemannsnominerte utgivelsen Skakke sanger og det forrykende samarbeidet med Gjertruds sigøynerorkester..

Les mer om Britt-Synnøve på: www.brittsynnove.no

Bjarthe Lending - begravelsessanger, sanger og musiker fra Bryne bosatt i Sandnes.

Lending er dirigent for Gospelkoret Abraham i Gand kirke og flere kor i Hana kirkestartet, der han er kirkemusiker. Han hadde ansvar for felleskoret

under åpningsmarkeringen av kulturhovedstaden på festplassen i Sandnes i 2008.

Bjarthe har vært med og sunget inn Norsk salmebok 2013 som er tilgjengelig på app til iPad o.l. Ellers synger og spiller han både alene og sammen med andre på diverse arrangementer.

Les og hør mer om Bjarthe på <https://www.facebook.com/bjarthe.lending.sanger>

Inger Lise Hope - musikalelskeren.

Hun har gjort flere roller i musikalener, sist som skjønnheten selv i "Skjønnheten og udyret" på Sandnes kulturhus. Det var selvsagt ikke Britt-Synnøve misunnelig på, hun spilte tross alt tekanne i samme oppsetning. Inger Lise er bl.a også kjent fra Mods-musikalen "Revansj", samt "Sex og siddisliv" på Stavangeren.

Les mer om Inger Lise på: www.ingerlisehope.no

Brigt Skrettingland – bondesønnen. Brigt er den som muligens stiller flest spørsmål til sjangeren men som har gode idéer til hvilke rockeband en kunne lagd gode musikalener om. Han har vært med i en rekke oppsetninger, og hatt store roller i bla. "Rett i lomma" og "I blanke messingen".

Han har i år gjort sin første langfilm da han har spilt antagonist i horrorkomedien "VampyrVidar".

Les mer om Brigt på: www.skrettingland.no

Brigt Skrettingland



Varhaug Bondelag

Sist eg skreiv til Varhaugbuen var 10. mai. Eg skreiv då at me var inne i ei viktig tid for oss bønder, med alt arbeidet som må gjerast om våren på gardane og jordbruksforhandlingane som pågjekk.

Når eg skriv dette er det 21. august og me kan sjå tilbake på ein vår med fantastisk ver til å få gjort det arbeidet me måtte. Og jordbruksforhandlingar der staten og Norges Bondelag blei enige om ein avtale, og Norsk Bonde- og Småbrukarlag valde å bryte på prinsipielt grunnlag. Eg er glad Bondelaget valde å inngå avtale. Sjølv om eg meiner det er ting som kunne og burde vore betre, trur eg dette er det beste resultatet ein kunne oppnå slik ting er no.

Som nemnd hadde me utruligt fint ver i vår og det gjekk greit å få gjort onnearbeidet. Under 1. slåtten var me også heldige og hadde ein lang fin periode. Verre var det då det kom til 2. slåtten. Då var det ein del som var heldige og tok det litt tidleg, i veke 29, under litt skumle meldingar, men var heldige. Etter det kom det fleire veker med store mengder regn, umuleg å leggja i silo, og det var berre å venta og håpa at graset ikkje blei av for dårleg kvalitet. No når eg skriv dette har me endeleg hatt ein periode med greit ver og alle har hatt mulighet til ta graset. Så vert det spennande å sjå kva hausten bringer av utfordringar

Når det gjeld bondelagsarbeid har styret hatt ein god sommerferie og det siste me gjorde var å gå i 17. mai tog. No gler me oss til Jærmessa og kumønstring, der me stiller med kyndige vakter for å passe på folk og fé.

Ellers på programmet utover hausten håpar me å få til eit medlemsmøte i september, me skal til ungdomsskulen og dele ut frukost og 13. oktober skal me ha årsmøte på Lerbrekk skule.

Magnus Anestad





Ungdomsklubb på hjul

Gjertine Hognestad og Monica C Herredsvela

Denne sommaren har vore svært annleis for oss som jobbar med ungdomsklubb. Som mange nok har fått med seg, fekk Lensmannsløa og Loen ungdomsklubb lov til å «pimpe» ei campingvogn, og bruke denne til ein rullande ungdomsklubb rundt om i Hå kommune. Me ynskja å gje ungdomane eit alternativ til ein stad å vera i løpet av sommarferien, men var førebudde på å måtte sitje åleine om ungdommen ikkje var interessert i tilbodet.

På førehand fekk me god reklame frå både media og bygdefolk, og ikkje minst fekk me sponsa alt me trong for å laga til campingvogna. Det var likevel med ei viss spenning me opna døra og var i gang.

Kort fortalt har me vore med på ei fantastisk reise gjennom bygdene i kommunen. Me har nokre få dagar hatt berre 3-4 ungdommar innom, men oftast 10 – 15. Om kveldane har me nokre gonger fått besøk av opp til 40 ungdommar, som har fått grillmat, spelt bingo, kort, ukulele, fiska og så mykje, mykje meir.

Dei stadene campingvogna stod i nærleiken av butikk, fekk me og besøk av born og vaksne som ville handla shave-is, snop eller berre sjå innom oss i vogna. Smil, godheit og velvilje har følgt oss frå bygd til bygd, og me har mange gonger vore rørte over korleis alle vil ungdommane det beste.

Tusen takk for alle dei fine stundene med dykk som kom innom, somme gonger i solskin, andre gonger i pøsrregn med ein varm kakao under fleceteppet. Tusen takk til alle sponsorar, og fantastiske bygdefolk som heia på oss heile sommaren. Hå kommune er jammen ein fin stad å bu!

- 1) På Oгна kom nokre ungdommar ridande innom campingvogna, her Kristine Sørskog Monge.
 - 2) Tatjana Fjellheim og Benedikte Gåsland hjelper til i kiosken på Vigrestad.
 - 3) Starten på sommardraumen i mars/april, temperaturen har akkurat vippa 7 grader og me våga å svinga malekostane
 - 4) Ein gladgjeng frå opphaldet på Vigrestad.
 - 5) Vigrestad var ei av bygdene der me hadde mest besøk totalt. Godt temperatur og triveleg å sitja utføre campingvogna.
 - 6) Varhaugsmarken var gøy, kanskje spesielt då me hadde leiga inn den mekaniske oxen.
 - 7) Vår gode venn Steinar Gulaker som gav campingvogna i gåve til ungdommane i Hå!
 - 8) Ordføraren har vitja oss fleire gonger i sommar, her hjelper han til med ein quiz som Ungdomsrådet i Hå arrangerte på Nærbødagane.
- Framsida av bladet:** Dykkeklubben i Sirevåg tok med ungdommar på tur i dykkebåten.



«Vi over 60» på Lerbrekk

Den 15. juni hadde «Vi over60» sommaravslutning på Lerbrekk skule. Dei pleie ha dette siste møtet før ferien på Lerbrekk kvart år.

I gangen står Kjellaug Aanestad Varhaug og ynskjer velkomen til Lerbrekk. Skulestova er som vanleg full, og praten går godt før dei begynner. Det er Nordmisjonsforeninga som har ansvaret denne gongen, og Rakel Lobekk leier og ynskjer alle velkomen til samlinga. Alfred Salte er med som talar, og han startar med å presentera seg sjølv slik: -Eg er ein vanleg bonde frå Salte. Har gått på Tryggheim og på Vinterlandbruksskulen. Ja, og så sjølvsgat sundagsskulen. Han tok utgangspunkt i opningsongen «Jeg har vandret med Jesus i mørke og lys», og i orda som står i Matteus 13,24: «Himmelriket kan liknast med ein mann som hadde sådd godt korn i åkeren sin.» Det er viktig at me alle sår godt korn i åkeren. Mange av dei gode songane i

songboka blir sunge. Som vanleg er det Brit Obrestad som trør «salmesykkelen». Og songen kling godt i skulestova. Matøkt med gode smørbrød og svissrull er viktig. Alle fekk ein nummerlapp då dei kom, så etter pausen er det trekning av mange fine planter. Ester Salte les opp eit par stykke som får lattermusklane fram.

Eg har lyst å dra fram litt historikk om «Vi over 60». Eg fekk ein kopi av noko som Harald Skretting har skreve, og i vår hadde eg ein prat med Harald om dette. Eldretreffa på Varhaug har vore drivne frå 1967 med samlingar 1. og 3. fredag i kvar måned, bortsett frå sumarmånadane. Ansvaret var fordelt mellom Gamleheimsforeninga, Bondekvinnelaget og Sanitetsforeninga. Kjellaug Høien

kom og spurde om ikkje Ryfylke og Jæren Indremisjon kunne vera med. Så dermed starta dei opp med det første eldretreffet den 3. mai 1985. Dei som var med var Olav Varhaug jr., Kornelius Varhaug og Harald Skretting. Året etter kom også Lars L. Reiestad med. På nyåret 1987 bad styret for Bondekvinnelaget oss om å overta også deira del. Formannen i Indremisjonen reiste til sosialsjefen for å høya korleis han såg på det. «Alt de gjer for eldre ser me positivt på», var svaret. På nyåret 1988 overtok dei òg Saniteten sin del. Difor vart også dei tre andre organisasjonane, Misjonssambandet, Misjonsselskapet og Indremisjonsforbundet med. -Det at også frammøte av eldre auka på, ga oss frimod og inspirasjon til å halda fram, seier Harald Skretting.

Då dei i 1989 starta med middagsservering på Eldresenteret, vart det til at dei flytte over til matsalen på Misjonshuset for å halda på tida kl. 14 – 16. Dei første åra fekk dei ikkje tilskott frå kommunen. Men etter kvart ordna det seg, så dei fekk tilskott. Harald Skretting var tidleg med i eldrerådet. Han seier at Gunnar Siqveland var ein av dei som hjelpte til så dei etter kvart fekk tilskott. Det kostar ein del å leige Misjonshuset, men folk er positive, så det har gått bra. Det er tre ting som er fast: Andakt, mykje god mat, og utlodding. Jenny Skår og Asbjørn Stueland var trufaste ved pianoet dei første åra. Elles har dei arrangert mange gilde turar, blant anna til eldresamling på Horve sist i mai. Men og sommar- og haustturar. Turane har vore svært populære. -Tre gonger har me hatt minnefestar for freden der krigsfangar var innbedne. 8. mai 1987 med Kjell Lund, 8. mai 1992 med Sigbjørn Årslund og 7. mai 1993 med Randi og Johannes Lunde frå Vinstra som talarar/kåsørar. Elles har det vore mange gilde og minnerike program i dei ulike åra. Mellom anna Lars



Korvald i 1986, Bjarne Stoveland i 1988, Asbjørn Stueland med Varhaug-filmen, Jakob Aano med Alfred Hauge program, Arne Tunheim med Garborg program, og mange fleire, fortel Harald Skretting. -Nemnst må og alle gongene som Andreas Varhaug (bror til Kornelius Varhaug), Nils Mellemstrand og Ingebret Særheim gledde oss med sang og musikk. Mykje har endra seg gjennom alle desse åra. Nå har dei samlingane 1. og 3. onsdag kvar måned, men ikkje i juli. Dette året var det tur til Tondstadli i august. Alle som var med i starten er gått bort. Den siste, Harald Skretting nå i sommar. Likevel er det nye som

tek over roret, og alle som lever blir eldre, så det er berre å stå på og lage til for «Vi over 60». Nokre tykkjer dei er for unge til å gå. Det med alder er eit merkeleg fenomen. Ingen vil vera «gamal», men alle vil leve lenge. Uansett, om du er «ung»(eldre) eller eldre, er du velkomen. Eg hugsar at mor sa ho ikkje skulle gå på eldretreff då ho vart 67 år, men så gjekk ho likevel, fordi alle veninnene gjekk. Eldre menneske er spennande. Dei sit inne med mykje livserfaring og mykje kunnskap om gamle dagar. Det er viktig å formidle denne kunnskapen til neste generasjon.

Brit Obrestad



SLÅING • RAKING • PRESSING
DIREKTESÅING

ÅNESTAD
MASKINSTASJON

Jarle 97 67 03 63 • Erlend 90 08 14 10



Varhaug
Park & Hage

Dublandsv. 35A, 4360 Varhaug
Tlf. 51 43 59 00 - www.vph.no
E-post: post@vph.no





Jærtreffet 2016

16.-18. september arrangerer Jærbelgen trekkspelklubb og Varhaug idrettslag nok ein gong Jærtreffet i Varhaug idrettspark. Her er både danseglade mennesker og dei som liker å lytta til musikk hjarteleg velkomne. Fleire grupper har allereie meldt sin ankomst, mellom anna ei svensk gruppe med både spelemenn og dansere. Dei vil ha ei kort oppvisning på lørdagskvelden.

Dugnadsgjengen i Varhaug idrettslag serverer mat og drikke både fredag og lørdag. Dei lager også til bobilparkering med tømmemuligheter og ladestraum.

På lørdag klokka 13.00 vert det allsang i gamlesalen. Dette er gratis og åpent for alle. Salg av middag, kake og kaffi i pausen.

Kom og bli med på ei helg med variert musikk og dans på Varhaug.



Hå skulesjakk

Noko av det siste me gjorde før sommarferien, var å arrangere VM i utesjakk under Varhaugmarken først på Juni. I alt var det 12 som ville delta, og av dei var 2 leiarar og 7 noverande eller tidlegerare medlemmer i Hå skulesjakk.

Opplegget var enkelt, påmelding på fredags kveld og laurdag var det speling på det kommunale brettet utafor rådhuset med dei store sjakkbrikkene som er plassert på Bø skule. Det var lagt opp til utslagsmetoden, to og to spela etter loddtrekning og vinnaren gjekk vidare. Etter utslagskampane sto ein igjen med 3, og dei spelte mot kvarandre. Dei to som fekk mest poeng spelte i finalen- og her vann Erik Høidahl mot Oskar Feed Jakobsen. Tredjepremien gjekk til Sven Tobias Ueland.

Medan me hadde VM i utesjakk (som altså er Varhaugmeisterskap i utesjakk), var det ein BGP-turnering på Klepp der tre frå klubben deltok og gjorde ein god innsats.



I sommarferien har fire av dei ivregaste deltatt på turneringar i sommersjakktreff og gjort det svært så bra.

Når det gjeld hausten så vil me ikkje ha spelekveld på Varhaug, det var ikkje mange som var med på våren av dei yngste. Me vil la dei eldste vere med på vaksensjakk på onsdagar, mens vi har skulesjakken på kulturtorget på Vigrestad for alle i Hå. Dersom det vert for mange, skal me sjå om me kan dele opp i to grupper.

Oppstart av sjakken vert torsdag 15. september kl 1730. Me har ei side på facebook, sjå gruppe «Hå skulesjakk». Og elles er det informasjon om sjakk (med terminliste) på <http://rogsjakk.rogaland-sjakk.org/>



Hå sjakk for vaksne

På lensmannsløa vil me starta opp att med vaksensjakk etter ferien onsdag 14. september kl 1900, me vil kanskje ha samlingar annankvar onsdag. Men det kjen detaljert informasjon på facebook, sjå gruppe «sjakk i Hå»

Med sjakk-helsing frå Per-Arvid





Varhaug Bygdekvinnelag



Så var sommaren snart over og hausten venter - kanskje det verte ein fine haust??

Vi i Bygdekvinnelaget har nå «vakna til liv», i skrivande stund er det basaren som venter, så stand på Varhaugmessa før årsmeldinga til alle medlemmane skal være klar.

Årsmøte skal være torsdag 29. september og tidlegare politiinspektør Gunlaug Molaug kjem og fortel frå hennar liv i politiet - ho er ei sprudlande dame.

Torsdag 27. oktober kjem Henning Aarekol og held foredrag ; «Koffor sitte inne når alt håp er ute».

Han held foredrag for lag og bedrifter og iflg. «kilder» skal dette være spennande og humoristisk.

Torsdag 24. november er det kopi av fjorårets novembermøte; Livs Klær og gaver kjem å viser klær samt dekker bord.

Januarmøte er torsdag 26. og da skal vi være hjå Halvorsen Fargehandel.

Torsdag 23 februar program kjem seinare - men det vert ein spesiell kveld.

Mars er det sonemøte på Undheim Samfunnshus, avsett **onsdag 29. mars.**

Torsdag 27. april, program seinare.

Torsdag 11. mai vert den årlige turen. Den vert så tidleg p.g. av at siste torsdag i mai er Kr. Himmels dag,, og kanskje torsdag 18. mai ikkje var heilt grei, dermed avsett dagen 11. mai til tur.l

Tirsdag 25. oktober vert det Lefsekveld/kurs og tirsdag 1. nov. Flatbrød- dette på Ungdomsskulen og Møyfrid Sirevåg som lærer.

Torsdag 12. januar starte Bunadkurs og varer over 8 kvelder, lærer Reidun Haavardsholm.

Pris for kursa litt i det blå, alt etter påmelding/ interesse.

Kva med leseringer??? Har du lyst å bli med i lesering, meld din interesse , så finn vi kveld for planlegging. Påmelding til alle kursa til undererteikna, tlf. 99104254.

Fotoredigering og Inn på Facebook er planlagt over nyttår

Til slutt må eg jo nevna Gågruppa kvar mandag frå Iden kl. 09.30 og trimmen med Sissel Høien kvar tirsdag kl. 10 - Strikkekafe 1. mandag i kvar månad i Løestova kl. 16.30 --- det er plass til fleir --- alle er Velkomne.

Vil så ynskja alle ein fin haust.

For Varhaug Bygdekvinnelag
Oddbjørg Skrettingland



Korpstur og litt om hausten

Skoleåret har så vidt kommet i gang når dette skrives. Men vil først av alt begynne med et lite tilbakeblikk på årets sommertur.

Helgen 23 – 26. Juni var vi på korpstur. Vi hadde skikkelig slått på stortromma i år, og bestilt tur til København. Vi var 17 stk totalt. Vi fløy nedover torsdag ettermiddag, og kom ned til en kjempe varme. Vi fant fram til hotellet og etter at alle var innsjekket, tok vi en kjapp matbit ute. Hele fredagen var satt av til Tivoli. Her fikk alle sammen kjørt karuseller til den store gullmedaljen. Og fornøyde, glade, varme, svette og litt småkvalmne, ruslet vi tilbake til hotellet på kvelden. På lørdagen hadde vi satt av tid til først å besøke et badeland. Her fikk vi hoppet og stupet og noen svømte til og med langt i et treningsbasseng. Etter en lengre god lunsj på Hard Rock cafe, bar det ut på shopping i Københavns gater. Noen ble leie etter relativt kort tid, og gikk tilbake til hotellet og slappet av, mens andre fikk sett litt mer av butikkene. Vi hadde fly hjem relativt tidlig på søndagen, så den dagen ble det ikke gjort annet enn å pakke å spise før vi gikk og tok toget til kastrup.

Vi vil takke alle de som var med på å gjøre turen til den kjekke opplevelsen det var.

Korpset startet opp igjen med øvelsene mandag 29. August. Dessverre så er det slik at noen velger slutte i år også. Så spiller du et instrument, så er du hjertelig velkommen. Høstens høydepunkt blir nok i år også Stavanger Open. En stor konkurranse som både legger vekt på spilleferdigheter og underholdningsverdi. Programmet er ikke helt klart enda, men vi gleder oss allerede.

For styret.
Kjartan Aanestad
Leder



Rørlegger Team har nå flytta til «Stassjoen»

Etter mange år i Oppstadvegen, flytta Rørlegger Team AS 1. juli inn i gamla handelslaget i Stasjonsvegen, der det tidlegare var sportsforretning.

Litt info om bedrifta:

Rørlegger Team AS – starta 1. november 1999 av rørleggare med lang og allsidig erfaring. Dette gjer dei til ei allsidig rørleggerbedrift, som kan utføra mange oppdrag, frå små servicejobber til store leilighets- og industribygg.

Rørlegger Team AS har sentral godkjenning i tiltaksklasse 3 for utføring av sanitæranlegg, varme- og kjøleanlegg samt sprinkler. Dette betyr at dei kan påta seg utføring av alle typer oppdrag innafør desse fagfelt, slik som;

Små serviceoppdrag, Rehabilitering av bad. Røyr innstallasjonar i landbruk og industri. Gulv-varmeanlegg og tradisjonelle sentralvarmeanlegg. Kjøleanlegg. Sprinkleranlegg.

Varmepumpeinnstallasjonar. Olje- og el-kjeler.

Dei kan og ta på seg gassinnstallasjonar, levering av utstyr for gass som peis, kjel. Terassevarmare osv.

Firmaet har 11 tilsette, 7 ute og 3 på kontoret, og dagleg leiar er Jan Foss. Dei har fått ein gild stor og lys butikk, og her ynskjer Norunn Marie Nord Varhaug og Annlaug Aasland velkomen inn. Dagleg leiar og May Kristin Lerbekk, var ikkje til stades då Varhaugbuen var innom, og slapp difor unna fotografen.

Jon Harald Håland, leiar i styret for Varhaugbuen og medlem i Varhaug Næringsforening gratulerar med ny butikk, og tykkjer det er veldig gildt at det kjem meir liv i sentrum.

Fotoklubben

Fotoklubben på Varhaug hadde sitt første møte etter sommerferien andre mandagen i august.

Tema for møtet denne gangen var feriebilder 2016 og **“Urbant”** - urbane motiv. Med andre ord måtte en del av oss reise litt utenfor de hjemlige sfærene for å finne sommerlige forhold og urbane fotomotiv.

Her er noen glimt fra bildene som ble vist på Lennsmannsløa:



Neste måneds utfordring (tema) er **“Abstrakt”**. Da oppfordres alle fotografer til å komme med bilder mer overlatt til fantasi enn ellers - og som gir større rom til tolkning. Man trenger kanskje ikke lete på mer eksotiske steder enn i sine egne kjøkkenskuffer, eller på arbeidsplassen. Her kan man lett finne detaljer eller utsnitt som kan framstå som ugjenkjennelige eller “mystiske”. Her er det bare å bruke fantasien, og ikke være redd for å velge spenstige løsninger.

Neste møte blir 5. september i Løa.

Vi ønsker velkommen alle med interesse for foto - unge som eldre!

*for styret i Varhaug fotoklubb
Asle Haukland*



Svala 4H

Landsleir 2016- Bygdøy Kongsgård

Lørdag 23. juli reiste 3stk frå Svala 4H saman med mange andre frå Rogaland til Bygdøy Kongsgård på landsleir. På sundagen hadde me Bygdøy dag, der me såg rundt på Bygdøy og var på ulike museum. Mandag, tysdag og onsdag var det aktiviteter som vi hadde valgt på forhånd. Me frå Svala var i Tusenfryd, Holmenkollen og på attraksjoner i Oslo. På torsdagen var det Oslo dag, der me hadde nokre oppgaver me kunne løyse, og ellers var det tid for å sjå rundt i Oslo og tid for shopping. Fredag var det åpen dag i leiren der foreldre, venner og andre kunne kome å sjå. Det var og volleyball og tevlinger. Lørdag var det tid for å reise heim. På kveldane var det ulik underholdning på scenen og miljøtorg med quiz o.l.



Sykkeldag

23. august hadde Svala 4H sykkeldag. Alle dei 45 medlemmane hadde med seg sykkelen og var klar for aktiviteter. Det var to ulike aktiviteter medlemmane kunne velge mellom. Det eine var å sykle til Pyttaskogen på Nærbø og ha orientering der. Det andre var å være på ungdomsskolen å vaske sykkelen, ha hinderløype med sykkel, natursti med sykkel og leikar med sykkel. Det var 14 medlemmar saman med 2 vaksne som sykla til Nærbø, og 31 medlemmar saman med 3 vaksne på ungdomsskolen. Dette var eit veldig kjekt møte!



Hautfest i svala 4H

Fredag 7.oktober er det tid for Svala 4H sin hautfest! Den skal være på Varhaug Idrettshus (Iden). Festen starter kl.19:00, og utstillingane åpner kl.18:30. Det blir servert mat, kaker og kaffi. Håper DU har lyst å koma!



Vennelaget for Lensmannsgarden presenterer:

- 14/9 *Lunsjtreffet starter. Annenhver onsdag 12:00 – 14:00. 14/9, 28/9, 12/10, 26/10, 9/11, 23/11 og 14/12. Åpent for alle. 50,- for måltidet.*
- 2/10 *Foredrag med Ingvard Wilhelmsen*
- 6/10 *«En klisjefylt aften» med Brigte Skrettingland, Bjarte Lending, Inger Lise Hope og Britt Synnøve Johansen*
- 20/10 *Historikar Lisabeth Risa: «Dei gamle lensmannsgardane i Hå»*
- 17/11 *Konsert med «Johnny Red and the Prayerhouse People»*
- 1/12 *Konsert med «Olav Larsen»*
- X/12 *Julekonsert med Frank Robert Andreassen, Astrid Kloster og Atle Husnes. Dato er ikkje bestemt.*

Programmet oppdateres på plakater, facebook, sms og mail.

For å få påminning på SMS og mail, kan dere melde dere inn i vennelaget (gratis) ved å sende SMS med navn og e-post adresse til: 976 88 571

"LIK" Kultur i Løå på Facebook




Presenterer:

"Sjef i eget liv. Hvordan kan vi best mulig takle all verdens press, stress og omstillinger?"

Et foredrag av lege og professor i hypokondri,

Ingvard Wilhelmsen



Sitat:

- *"Det er ikke mer synd på deg enn andre"*
- *"Å ja, tror du virkelig at det er sånn, at du må ha hørt om en sykdom for at du kan få den".*
- *"Da får vi håpe at du får kreft, i og med at det er kreft du er forberedt på. "*

Sted: Lensmannsløå på Varhaug
Tid: Søndag 2/10-16 kl 18:00 og 20:00
Aldersgrense: 18 år
Billettsalg: Linticket.no, Pris 200,-

"lik" på Facebook "Kultur i løå"

For å få påminning på SMS og mail, kan dere melde dere inn i vennelaget (gratis) ved å sende SMS med navn og e-post adresse til: 976 88 571

Litt info. om Ingvard Wilhelmsen

Ingvard Wilhelmsen er professor emeritus ved Universitetet i Bergen, spesialist i indremedisin og psykiatri. Han driver Norges eneste hypokonderklinikk, og han har skrevet flere kritikerroste bøker som blant annet:

- Sjef i eget liv
- Kongen anbefaler
- Det er ikke mer synd på deg enn andre
- Livet er et usikkert prosjekt

I dette foredraget er temaet: "Vi står sterkest sammen når vi står sterkt alene". Her fokuserer han på våre holdninger. Det meste her i livet kan vi ikke gjøre noe med, men hvordan vi forholder oss til det som skjer bestemmer vi selv. Han tar opp våre holdninger til oss selv, fortiden, fremtiden, liv, død og usikkerhet.

Fra boken "Sjef i eget liv": Dersom noen skal være sjef i ditt liv, må det være deg selv. Forutsetningen for å utøve denne lederrollen på en god måte er at dine holdninger til de grunnleggende temaene i livet er på plass. Synet vi har på oss selv, andre mennesker, fortiden, døden og verden, avgjør hvilke automatiske tanker og følelser vi opplever i en gitt situasjon. Hva styrer mine følelser? Hvordan kan jeg finne mine grunnholdninger? Er det mulig å skille mellom ekte og tenkte problemer? Hvordan kan jeg endre meg?

En alliansebank i eika.

Vi spiller alltid på hjemmebane

Alle lag er best hjemme. Derfor spiller vi rett og slett ikke bortekamper. Jæren er stort nok for oss. Lokalbanken er ett lag. Plassert sju bra plasser på Jæren.

Telefon 03290
www.jaerensparebank.no

Bryne ◊ Jærhagen ◊ Kleppe ◊ Kverneland
Undheim ◊ Varhaug ◊ Vigrestad

jæren
sparebank



Dette va bøse, ekta vare!

- **Konsert med Hans Williamsen & Avløysarane • Support, Søster •**
- Lennsmannsløå, Varhaug • Publikum: ca 50 •**

Søster startet kvelden. De består av søstrene Kari Grethe og Marit Hjorthaug på vokal og gitar, så har de med seg Audun Schanche på banjo og gitar. De leverte noen rolige fine sanger med fint vokalspill. Begge søstrene veksler mellom å være i forgrunn og bakgrunn, som er litt av særpreget for bandet. Fine alvorspregede tekster til lett og fin popmusikk. En fin start på kvelden.

Så var det tid for Hans Williamsen & Avløysarane. De tok publikum med storm fra første sekund med sine fine tolkinger av Hank Williams sanger, samt noen egenkomponerte. Det handler stort sett om de klassiske temaene til countrymusikken slik som ensomhet, mislykket kjærlighet og knuste hjerter, i tillegg til at hovedpersonene i historiene ofte har en forkjærlighet for alkohol. Jeg kan nevne «Mor sin mandolin», en egenkomponert sang om mor til Hans sin mandolin som bare hang på veggen i stuen

hjemme, som ingen fikk spille på. Hans arvet den etter hvert og den er flittig brukt i ettertid. Deres beste sang i følge Hans selv. Må og nevne en av mine favoritter som er «Orange Blossom Special» Der Lillian Hodne briljerer med fantastisk felespill. Det dukket og opp noen gjestartister innimellom. Børre Bratland fremførte en fin versjon av «I saw the light» (Nå kan eg sjå) og Kari Grethe Hjorthaug bidro på flere sanger.

Hans hadde med seg fullt band med gitar, kontrabass, steelgitar, fele, trommer, banjo og mandolin, med andre ord alt som høyrer til i et skikkelig country orkester. Fremførelsen vitner om ren spille glede og et band som har god kontakt med sine musikalske røtter. Alt i alt en meget bra konsert, eller for å sitere en publikumer jeg overhørte etter konserten, «*Dette va bøse, ekta vare!*»



NYTT FRÅ HÅ KARATEKLUBB:

Treningstider i høst

Treningstider Hå karateklubb: **Mandag Varhaug:**
18:00-19:00 hvit-og gul-belte **19:00-20:00** oransje-Dan

Tirsdag Bø skule: 19:00-20:00 hvit-og gul-belte
20:00-21:00 oransje-Dan

Onsdag Varhaug: 18:00-19:00 hvit-og gul-belte
19:00-20:15 oransje-Dan

Torsdag Bø Skule: 18:00-19:00 hvit-og gul-belte
19:00-20:00 oransje-Dan

Treninger på Bø skule, **Nærbø, starter opp 25. august.**

Ønsker alle hjertelig velkomne på trening. Alle kan gå på treninger både på Nærbø og Varhaug. Håper flest mulig kommer på treningene, og i tillegg vil være med på konkurransene som er satt opp i høst

Konkurranser høsten 2016:

01.10.2016 - WKF Vestlandscup 2 Haugesund

29.10.2016 - WKF Sørlandscup 2 Mandal

29.-30.10.2016 - JKA Open Sandnes (kun brunt og svart belter)

19.11.2016 - WKF Vestlandscup 3 Bergen

HAALAND BILVERKSTED

Vi er bilverkstedet for alle vanlig forekommende bilmerker. Vi har kompetansen til å gjøre det beste for akkurat din bil - og din lommebok.

Hvis bilen din har garanti, vil den fortsatt gjelde etter et besøk hos oss. Det er fordi vi alltid utfører service og reparasjoner i henhold til produsentenes instruksjoner - og at vi bare bruker reservedeler i henhold til foreskrevet kvalitet. Enten du er ute etter reparasjon eller service, kan du føle deg trygg ved å levere bilen til oss.

MECA-STEMPEL I SERVICEBOKEN FORTELLER AT DU TAR GODT VARE PÅ BILEN DIN.

M E C A
CAR SERVICE

OPSTADVEGEN 647, 4360 VARHAUG
TLF. 90 50 65 66

M E C A
CAR SERVICE



En travel og god sesong nærmer seg slutt ...

MOTOCROSS

I skrivende stund er det kun et løp igjen denne sesongen, siste NM runden i Motocross som kjøres på Elgane 10.-11. september. Vi håper på hjemmeseier i flere klasser, både Magne Klingsheim og Mathea Selebø er favoritter.

Elgane gratulerer også Magne Klingsheim som NORDISK MESTER 2016, og Mathea Selebø med sølv i Nordisk.

SPEEDWAY;

Førrige helg ble Glenn Moi suveren vinner i NM og satte ny banerekord to ganger! Espen Sundvor imponerte også stort og kjørte veldig bra. Han kom til finalen, men manglet et par meter på 3 plass i finale heatet og endte på 4 plass. Lars Figved kom til semifinale og endte på 8 plass. Tarald Haaland endte på 12 plass.

Elgane ser frem til neste år og satser på enda flere topp- plasseringer da.

Andre resultater:

- 2 plass i Liga1div 2016 – Glenn Moi, Espen Sundvor, Tommy Thu og Lars Figved.
- Glenn Moi og Espen Sundvor deltok på det Norske landslaget U21 4 juni mot Danmark, Storbritannia og Australia. Norge Ble nr 4. Men Glenn Moi imponerte.
- Kvalifisering til landslag Kristiansand 19 juni 1. plass Glenn Moi og 2. plass Espen Sundvor
- Landskamp Lunner mellom Norge 1, Norge 2, Sverige og Danmark. Glenn Moi og Espen Sundvor kjørte på Norge 1 og Tommy Thu kjørte på Norge 2. Norge 1 kom på 3. plass, men Glenn Moi fikk 2. plass individuelt i samme løp
- 250 cc FIM EM YGT og VM YGT. Her deltok Lars Figved fra Elgane og klarte å kvalifisere seg til finalen i VM! Endte på 16 plass totalt i VM 250cc i 2016! Stor prestasjon!
- 85cc FIM EM YGT og VM YGT Her deltok

Espen Sola Fra Elgane. Han ble beste Nordmann.

- 85 cc Norgesserie Elgane, 1. plass til Espen Sola og 2. plass til Mathias Pollestad - bra resultat på krevende bane.
- 85cc Norgesserie Oslo 14,08 3. plass Jesper Våland, 4. plass Ragnvald Håland og Børge Elias Strandens på 7. plass
- 85cc Norgeserie Mjøsa 13,08 2. plass Jesper Våland, 3. plass Ragnvald Håland og 5. plass Børge Elias Strandens
- 85cc Norgesserie Oslo 26,06 Ragnvald Håland 2. plass og Jesper Våland 3. plass
- 85cc Norgesserie Mjøsa 25,06 Ragnvald Håland 3 plass og Jesper Våland 4 plass
- 85cc Norgesserie Kristiansand 19,06 1. plass Mathias Pollestad, 2. plass Jesper Våland og 3. plass Ragnvald Håland. Norgescup 1. plass Espen Sola
- 85cc Norgesserie Skien 18,06 Ragnvald 1. plass og Jesper Våland 2. plass
- 85cc Norgesserie Oslo 11,06 2 plass Jesper Våland
- 85cc Åpent løp Kristiansand 29. mai 1. plass Mathias Pollestad, 2. plass Jesper Våland og 3. plass Espen Sola

• 85cc Landskamp Norge, Sverige og Finland 21. mai Nyköping og 22. mai Örebro i Sverige. Her deltok Espen Sola og Jesper Våland fra Elgane. De Møtte hard motstand, men begge tok poeng begge matcher. Norge kom på 4. plass

• 85cc Oppvisnings løp 9-10 år. Jonas Haaland fra Elgane deltok på 2 løp. Mjøsa og Oslo

• 50cc Oppvisning Her deltok Varg Våland fra Elgane som eneste 50 cc kjører i Norge på alle 9 ordinære løp. Lennarth Håland Fra Elgane deltok på 3 løp og Imre Vigre fra Elgane deltok på 2 løp

Etter Elgane løpet ble Espen og Mathias tilbudt plass på landskamper på Lunner mot Sverige og Finland 10-11 september. Dette passet ikke for Mathias, så da åpnet det for at Ragnvald Håland og Jesper Våland ble tilbudt å dele plassen med det grunnlag at de har vært blant de beste 11-åringene i Norge gjennom hele sesongen. Spennende! I ettertid har Finland trukket seg fra landskampen da de ikke klarte stille lag. Da blir det 2 lags matcher begge dager mellom Norge og Sverige. Norge Stiller med 5 manns lag der Espen Sola, Jesper Våland og Ragnvald Håland fra Elgane kjører fullt i begge Matcher.

• Liga Finale - jevnt mellom rivalen Riska og Elgane, der Riska trakk det lengste strået, Elgane kom på 2. plass.

• NM Par – Seier til Lasse Madland Fredriksen og Jan Mikke Bjerk fra Riska. Andre plass til Espen Sundvor og Glenn Moi.

Me gleder oss over Lasse Madland Fredriksen og Mikke Bjerk som begge tidligere har kjørt for Elgane MK. Me i klubben er spesielt stolte av Lasse, som har vokst opp på banen og har reist utallige turer til DK for å kjøre løp med far Even Fredriksen som mekaniker. Lasse bor nå i Hedensted i Danmark og kjører for Grindsted Speedway.

ATV

Det kommer mer fra ATV i neste nummer av Varhaugbuen. Elgane har fått en del nye kjøriere, og endelig noen fra «heimbygda».



BETONGARBEID - TREARBEID
Møllenvn. 12, 4360 Varhaug • 51 79 85 79

VARHAUG
hud & fotterapi

HEIDI DUBLAND BØ
Hud- og fotterapeut

Stasjonsveien. 14,
4360 Varhaug
Mob: 41 27 66 79
Timebestilling 51 43 13 69

Solarium
"Det er stor helsegevinst med et godt Solarium-utvalg"

H & S
Solauzen AS
Kerastase
L'OREAL
Dame & herreklipp

RÅDHUSGT. 3, VARHAUG • TLF. 51 43 10 18

JÆR MESSA

30 år

Foto: Elisebeth Berge




Foto: Liv Kristin Sola



Miss Jæren 2016 vart ku nr 653 frå Skretting Ku, her med Mikkel Skretting Premien vart overrekt av leiar i Rogaland Bondelag, Ola Andreas Byrkjedal



1 pluss 1 pluss 1 = 3

Først var det berre Jæren Auto nord for Prestakrysset. Så kom Tarald Haaland og nå til sist er Lars Reid Ølberg kome på plass der oppe.

For å starta med Jæren Auto, eller hos Tveiten, som folk flest seier. Agnar Tveit starta med bil, saman med 2 andre, i 1959 i huset der Varhaug Park og Hage er nå. Seinare vart Agnar eine-eigar. I 1962 bygde han seg bustadhus og verkstad på andre sida av vegen. Der dreiv han med både sal av bilar og reperasjon av desse.

I 1990 overtok sønene Terje og Kåre Jan verksemda, og bilsalet auka meir og meir. Sidan 2010 har Terje drive aleine, og det vart litt basje med både verkstad og butikk, så i 2010 fekk

han til ein god leigeavtale med Tarald om verkstaden. (Haaland bilverksted skreiv forresten Varhaugbuen om i nr. 2 i 2010).

Den siste er altså Lars Reid, som i 2013 starta med sal av bilar heime saman med Svein Ueland. I 2015 etablerte han seg på toppen i gamle COOP bygget, før han 1. juli flytta opp til Opstadvegen. Eg vart litt vekk gøymd i stasjonen, seier Lars Reid, men nå stortrives han saman med Terje. Dei har berre ei glasdør mellom kontora.


Det viser ikkje så godt endå at han er kome opp til Tveiten, men bygget skal få ny fasade, og då vil og nye skilt koma på plass.

Nå er me samla på ein stad; Jæren Auto AS, Haaland Bilverksted og Auto 44 AS. Dette er noko dei alle er sers nøgde med. Det er mest som dei kan seia som VIL: «Me er best saman»

Varhaugbuen ynskjer lukke til vidare med alle tre.



VI HAR FLYTTET TIL STASJONSVEGEN 24, FREMDELES PÅ VARHAUG



NYTT BAD?

VI HJELPER GJERNE MED PLANLEGGING OG PROSJEKTERING



Jærtre AS

Dette nye firmaet har nå etablert seg i AH Bygg sitt tidlegare kontor med Erling Skretting som sjef. Erling har nærast vore i byggebransjen heile livet, sjølv om han starta som elektrikar. Så vart det forskalingsnekkar, men sidan 1885 har det bere vore snekring, der han tok fagbrev i 1998. Erling arbeidde frilands i fleire år, men i 1995 vart han tilsett hos Kvia AS. I 2005 var han med å starta JL Bygg på Bryne, og så 2008 Kvia Tre, der han var til 1 juni i år då han selde seg ut. Nå var tida komen for å koma heim til Varhaug og Jærtre AS vart etablert. Dei har i dag 4 tilsette.

I Kvia Tre hadde Erling ansvaret for både Vinkelbygget og Klokkartunet og 4 husvære i Eivindhagen.

Erling og Jærtre AS leiger ikkje berre kontor hos AH Bygg. Dei har og eit godt samarbeid elles, og produserar i dag støyskjermer i bygget deira. Og når det gjeld støyskjerming så har Erling 15-20 års erfaring. Erling seier han gjer som jærbuen og bygger

stein for stein, og håpar at samarbeidet med AH Bygg kan føra til felles oppføring av bygg, der dei kan gje ein komplett pris på alt. Den siste tida har Erling vore oppteken med mellom anna undervisningsbygg, skular og barnehagar, og i dag har Jærtre AS fått anbud på tilbygget på Lensmannsgarden barnehage. 1. september starta Jærtre AS på arbeidet med eit nytt reiskapshus på Elgane Motorcross.

Eg kjenner Erling frå tida me begge var engasjerte i styre og stell i VIL, og det var gildt å drøsa med han om noko heilt anna. Varhaugbuen ynskjer Erling og Jærtre AS lukke til vidare i byggebransjen. Liv



Lerbrekk skule - Sals utstilling

17. og 18 september kl. 12.00 – 17.00 vert det utstilling og val av mange flotte ting av:

Berit Lyslo, vev
Mary Undheim. Vev
Karen Torunn Haarr, glasfusing
Ingeborg Lura, Ullrommet med fint ullgarn
Tone Tvedt, tova ting av ull
Marit Rosland, strikkeprodukt
Jette Ravndal, sydde ting i lær

Alle desse 7 kunstnarane høyrer til Rogaland Husflidhåndverkerlaug.

Alle er velkome til både og sjå og kanskje kjøpa noko. Det vert kaffe på skulene begge dagane.

vitusapotek+

Nei, det kjem ikkje noko nytt apotek på Varhaug. Det er berre Jæren Apotek som har skifta namn, og vert nå ein del av ein kjede som har over 700 apotek over heile Norge.

Leiaren av apoteket, Suban Arulthas i Stuelandsbygget er veldig takksam for all den støtte han har fått både frå bygdefolket og elles i kommunen. Om dei nå skiftar namn vil både han og dei andre tilsette yte same service til kundane som tidlegare. Det vil og koma nytt skilt med det nye namnet ute på bygget.

Varhaugbuen takker for drøset, og ynskjer dei til lukke som Vitusapotek.

KULLSYREMASKIN FRA AGA



499,-

ny patron
269,-
bytte av patron
149,-

VI HAR GODKJENT BILVERKSTED:

- EU kontroll
- Hjulstilling
- Service
- Tilhengerservice
- Salg av dekk
- Dekkhotell



Varhaug Servicenter A/S

Godkjent bilverksted • 51 43 02 33

Servicetorget

Som kanskje mange har fått med seg har gangen i Rådhuset vorte heilt endra. Det er kome ein fin bua info-pult, der folk i kommunen kan få svar på ting og tang dei lurar på. Servicetorget, som er det offisielle namnet, vart opna under Varhaugmarken 3. juni, og desse 3 smilande damene i kjole med steinbukk mønster ynskjer meg velkomen inn under Marken.



Hilde Eidsaa Bjorland, Kari Waldeland Ødegaard og Gerd Marit Matningsdal

VARHAUGMARKEN 2016 som i gamle dagar

3. 4. juni var det igjen tid for markensdagar, og komiteen hadde på førehand gjort eit kjempearbeid. Alle eg snakka med sa omtrent det same «dette er Marken som i Arild og Tonning si tid». Varmt og fint ver, mykje folk og god stemning begge dagane. Varhaugbuen vil gje honnør til komiteen, og ynskja dei lukke til med planlegginga for neste år.



Åpning av den nye hallen



Stor stas då VIL åpna den nye hallen.

Familiedag 22. juni og vaksenfest

25. juni.

Korpset og raudeløparen var sjøvsagt på plass.





Sjå Skrettingen

I denne butikken får ein kjøpa meir enn kjøttdeig og pålegg. Nå kan du og få boka "Glade Pølser". Denne var forfatternen sjølv, Arnt Olav Klippenberg, nyleg og signerte i butikken. Utanfor var grillen varm, og her serverte Håvard og Reidar smaksprøver av dei ulike pølser-sortane. Gildt tiltak, det kan dei godt gjera ein annan gong og. Me fekk og prøvesmaka dei gode dessertane dei har, + alkoholfri "spruddelvasser". Her var det fleire sorter, og eg tykte det var eit godt alternativ til alkoholfri vin. Dei har og nye sortar olje og krydder, så det var mest som å koma inn i ein butikk i sørlegare strok.

Liv



Varhaug

Gjennom enn aktiv næringspolitikk ønsker Hå kommune å legge til rette for et aktivt og mangfoldig næringsliv i kommunen. Det er i dag ca. 8000 arbeidsplasser i Hå kommune.

Et mangfoldig næringsliv er viktig for å utnytte ressursene til innbyggerne som bur i kommunen og i regionen. Hå kommune har gjennom historien våre en aktiv tilrettelegger for næringslivet ved å tilby næringsområder i heile kommunen. Hå kommune har i dag flere næringsstomter for sal i kommunen.

Veksten i folketalet gjer det nødvendig å legge til rette for nye arbeidsplasser. Seinere tids utvikling viser at det har vakse fram ei rekke industribedrifter samtidig som det har komme et mangfold av bedrifter knytte til oljenæring, bygg, anlegg og servicenæring. Utviklinga har ført til økt etter-spurnad etter utbyggingsareal til næringsformål i Hå, særlig rundt tettstedene Nærbø, Varhaug, Vigrestad og Stokkalandsmarka, men òg i Sirevåg. Kviamarka har status som regionalt område for næringsmiddelindustri.

Kommunen har som mål å avlaste presset på landbruksjord rundt tettstedene i nord med å tilby næringsareal i Kviamarka, Vigrestad/Stokkalandsmarka og sør i

kommunen. Det må likevel være noe areal disponibelt i Nærbø og Varhaug for å dekke bedrifter sine behov for lokalisering nær tettstedene og andre bedrifter, både med omsyn til transport og til veksten i folketall.

Det er et mål for kommunen å ha noe generelt næringsareal tilgjengelig i alle krinsene i kommunen.

Kommunen har ledig næringsstomter på:

- Tjemslandsmarka på Varhaug. Her er det ca 50 dekar næringsareal klart. Pris 1200 -1500 kr pr m2

- Opparbeidelse av nye næringsarealer ved stokkalandsmarka er i gang. Disse antas klar for salg i løp av 2017

- Krusemarka på Nærbø er under prosjektering. Opparbeidelse av dette området startet i 2017. Det er ca 20 dekar næringsareal som blir tilgjengelig her i første omgang.

- Så har kommunen rimeligere og store næringsarealer klar på Skoga og Nylund sør i kommunen.

- Det er også tilgjengelige arealer i Sirevåg for fiskere og annen sjørettet næring.

Besøk kommunen næringside på nett www.ha.no/naring

Jarle Bø
Nærings- og havnesjef

Nytt styre i VBU er valgt!

Her stilles det nesten som i fjor

Fra venstre:	Eirik Varhaug jr.
Kasserar/tal:	Thomas Aarsland
Vaktmeister:	Gonnar G. Skretting
Leder:	Martin Hobberstad
Nestleder:	Marit Mæland
Info/sekretær:	Birger Hobberstad
Aktivitet/tevling:	Oskar Håland
Styremedlem:	



Helga 16. 17. og 18. september, skjer det mykje gildt på Varhaug

Jærtreffet, som er eit arrangement mellom Jærbelgen trekkspelklubb og Varhaug Idrettslag, har ting på gang både fredag, laurdag og sundag. Mens det i andre enden av bygda; på Lerbrekke skule vert sals utstilling av medlemane i Rogaland Husflidhåndverkerlaug laurdag og sundag. Les meir annan stad i bladet.

Stoff-frist

Stoff frist for neste blad er **4. november**

Dette kan enten sendast direkte til: livhob@online.no eller legga det i postkassa til Liv.

Sender du Word dokument må bildene vedlegges som egne filer i JPG format.

Spar Varhaug er igjen nominert til Årets Sparbutikk. Avgjerda fell i neste veke. Varhaugbuen heier på Gordon, Johannes og resten av gjengen.





- interiørkonsulent
- golvlegger
- systue
- gave og interiør
- solskjerming
- maling
- tapet
- parkett

Vi har **utvalget** som passer deg!



FARGERIKE HALVORSEN

Skulegata 13, VARHAUG • Telefon 51 43 61 00
E-post: post@fargerikehalvorsen.no
Mandag-fredag 7.00-18.00 • Lørdag 9.00-14.00.

FARGERIKE



Vi tilpasser
også sandfang-
kummer

Ring Bjarte på **991 61 373**
for pris på drensrør!

FK BUTIKKEN VARHAUG



butikken

fkra.no/fkbutikken